

Gode sirklar

Nyheitsbrev o6 Juni

2012

KOMPETANSEOMRÅENDE NÆRINGSSUTVIKLING

Kysteventyret skal sikrast vidare utvikling

Reiselivssatsinga i regionen skal sikrast vidareført av Gode Sirklar i 2012. Dette skal gjennomførast i samhandling med Øygarden, som har hatt eit spesielt fokus på reiseliv i fleire år, og ved å vedlikehalda tiltak som er i gang i Fjell og Sund.

Styret har handsama eit framlegg til forretningsplan som er utarbeidd som grunnlag for etablering av ein sjølvstendig organisasjon frå 2013. Denne planen og innspel som kom frå Styret i Gode Sirklar skal leggjast til grunn for framlegg utarbeidd av Gode Sirklar til kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden for ei framtidig organisering av reiselivet.

Denne prosessen skal skje i samråd med administrasjonane i dei tre kommunane. Det er og kome innspel frå Hordaland Fylkeskommune om å føra ein dialog med Askøy og Nord-hordland om framtidig samarbeid der Kyst-eventyret kan spela ei rolle i utviklinga av desse kommunane sitt reiseliv.

Eit element i vidareføringa er at Øygarden vert utfordra til å spela ei rolle som eksempel eller pilot i samband med utvikling av reiselivet i eigen kommune, samstundes som Øygarden har ei rolle i den regionale satsinga.

«Eksempelets makt»

Dersom ein får tilslutnad frå kommunestyra, vil ein ved utgangen av 2012 løfta Kysteventyret ut av prosjektfasen og over i etablert, sjølvstendig drift som eige destinasjonsorganisasjon, truleg i form av eit aksjeselskap.

For å få dette til vil Styret at ein gjennom «eksempelets makt» og samarbeidet med Øygarden, demonstrera overfor styresmakter og reiselivsaktørar i og utanfor regionen, effekten av å jobbe innafor Kysteventyret.

Sotrabrua hindrar rekruttering

Behovet for ingeniørar og anna teknisk kompetanse er stort i Fjell, Sund og Øygarden. Sotrabrua er det største hinderet for nyrekruttering.

Det kjem fram i ei undersøking, som er gjennomført av Max Resultat for Gode Sirklar og Vest Nærings-råd, vart sendt ut til 50 utvalde verksemder, i tillegg til kommuneadministrasjonane i Fjell, Sund og Øygarden. Totalt har 27 av desse respondert på undersøkinga.

Treng ingeniørar - no!

Heile 85 prosent av respondentane treng ingeniørar, kandidatar med teknisk fagskule, fagarbeidrarar eller sivilingeniørar. Fire av ti har eit umiddelbart behov for folk. Ei av fem verksemder opnar for nyutdanna. Respondentane meiner at Sotrasambandet er det største og viktigaste forbetringspunktet når det gjeld å auke attraktiviteten.

Kring 2/3 av verksemndene som svarte har opp mot 50 tilsette, medan resten representerer større foretak/kommunar med over 50 medarbeidrarar. Dei fleste treng 1-5 ingeniørar, men større verksemder har eit langt større behov.

Arbeid på timeplanen: Bles nytt liv i Praksisnær Læring

Fjell kommune vedtok tidlegare i år å vidareføre Praksisnær Læring og har sett av midlar til dette, etter ei grundig evaluering av satsinga. No ønskjer Styret at Gode Sirklar skal sjå på korleis Praksisnær Læring kan revitaliserast, for å motivere ungdom til yrkesval som matchar behova i næringslivet.

Gode Sirklar tok initiativ til ei satsing på heile skuleløpet, frå barnehage til høgskule- og universitetsnivå, og mottok betydelege midlar til satsinga i perioden 2006-2009. Merksemda var stor og tilbakemeldingane gode, ikkje minst frå stortingsgrupper og statssekretærar.

- Det er ulike erfaringar, men dei som ønskjer å få noko i fellesskap får det til. Fleire ser verdien av ein praktisk tilnærming i undervisinga, seier prosjektleiar Sverre Konrad Nilsen i Gode Sirklar.

- Moglegheitene er mange, og erfaringane er delte, difor er det viktig å kome fram til gode ordningar som sikrar at elevane får maksimalt utbytte av Praksisnær Læring, seier rådgjevar Steinar Vibeto ved Fjell Ungdomsskule. Der har elevar til dømes bygd terrasse og gjennomført ulike uteprosjekt i faget Arbeidsliv, eit praktisk fag som vart oppretta som eit prøvefag i fire kommunar (mellan Anna Fjell) for tre år sidan. Det har vore svært vellukka. Frå hausten skal faget inn i læreplanen for ungdomstrinnet i alle kommunar i landet.



Klyva Cafe held ope kvar dag. Foto: Inger Elise J. Økland.

I framlegget som vert utarbeidd legg ein opp til eit forpliktande samarbeid mellom det offentlege, næringslivet og reiselivsaktørane. Her kjem og Vest Næringsråd sentralt inn, ved det engasjementet VNR alt har vist, og som VNR signaliserer om engasjement i framtida.

- I prosjektfasen til Kysteventyret er det utvikla eit godt verkty og grunnlag for ei vellukka reiselivssatsing. Det som trengs no er mobilisering for å hente ut gevinst av den satsinga som er gjort. I samarbeid med Øygarden legg ein vekt på å teste ut Kysteventyr-konseptet kontrollerbart kommersielt. Vi skal la aktørane erfare verdien av å vere med og synleggjere for andre korleis ein bør gå fram for å få til ei vellukka reiselivssatsing på kysten, heiter det i planframlegget som ein skal byggja vidare på.

Målbare resultat

I framlegget til forretningsplan heiter det vidare at det vil vere riktig å jobbe konsentrert med eit avgrensa produkt- og tenesteområde som gjer det lett å ha oversikt og kontroll, som kan følgjast opprett og er målbart med omsyn til innsats og resultat.

Gode Sirklar si rolle vidare bør vere å tilføre Kysteventyret utviklande kunnskap og kompetanse, meiner Styret.

Trass i at kring 65 prosent av respondentane har planlagt ulike tiltak for rekruttering, er det ingen som har gjort noko med det.

- Dette tyder på at mange verksemder undervurderer langsiktig rekrutteringsplanlegging, meiner VNR-leidar Per C. Aarsand.

Lokkar med «mjuke verdiar»

«Mjuke verdiar» som arbeidsmiljø, interessante arbeidsoppgåver og personalpolitikk vert framheva når verksemndene blir bedne om å peike på kva som er dei største konkurransesfortrinna deira – ikkje løn. Meir enn halvparten av verksemndene fremhver eit godt tilrettelagt offentleg servicetilbod og bu-miljø i regionen.

- Resultata stadfestar at ingeniørar er etterspurt mangelvare for verksemder/kommunar i Sotra-regionen. Dette gjev oss eit solid grunnlag for eit planlagt felles og målretta rekrutteringsprosjekt, men det krev tydelege tilbakemeldingar frå næringslivet om at dei vil forplikte seg til å vere med, seier prosjektleiar Ivan O. Moldskred i Gode Sirklar.

Halvparten av verksemndene som har svart på undersøkinga er positive til å delta i eit felles prosjekt.